
Saksnr: 2020/70266-2
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		08.12.2020

Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Olga Kilchynska – SugarWaxBergen

Forslag til vedtak

Klage på Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt vedtak om avslag på søknaden til Olga Kilchynska - SugarWaxBergen - om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen vert ikkje teken til følgje.

Samandrag

Saka gjeld klage frå SugarWaxBergen ved Olga Kilchynska på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Bergensregionen.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har handsama klaga og opprettheldt avslaget. Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling har gjort sine vurderingar og rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Olga Kilchynska – SugarWaxBergen
- 2 Klage på avslag om støtte frå Etablerarfondet for Bergensregionen - Olga Kilchynska – SugarWaxBergen
- 3 Nordhordland Utviklingsselskap IKS info om Etablerarfondet for Bergensregionen
- 4 Krav til søknader og prioriteringskriterier gjeldande frå 2017-2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

SugarWaxBergen ved Olga Kilshynska søkte den 26. mars 2020 om stipend på kr 50 000 frå Etablerarfondet i Bergensregionen.

Den 13. mai 2020 av slo Nordhordland Utviklingsselskap IKS søknaden.

SugarWaxBergen påklaga avslaget 3. juni 2020.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har vurdert avslaget og opprettheldt vedtaket.

Fagavdelinga i Vestland fylkeskommune ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling har i notat datert 07.09.2020 gjort sine vurderingar i klagesaka.

Klagesaka var så sendt til Klagenemnda for endeleg avgjerd.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda gjer vedtak, jf. forvaltningslova § 28 (2), jf. reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2.

Rettsleg grunnlag

Det rettslege grunnlaget for saka er forvaltningslova (fvl) § 34 andre ledd, jf. fvl § 28, samt utøving av det frie forvaltningsskjønn.

Det følger av fvl § 34 andre ledd at klageinstansen kan «prøve alle sider av saken». Herunder følgjer det at forvaltninga har eit stort spelerom for utøving av skjønn når dei skal vurdere saka, men må ikkje komme i strid med ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp, som vilkårlegheit, sterk urimelegheit og forskjellsbehandling.

I denne saka er det tale om tildeling av ein avgrensa sum tilskotsmidlar, og vurderinga må ses i samanheng med dei retningslinjer og målsetjingar som gjeld dette. I saka er det opplyst om at tildelinga skal vere i tråd med «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014». Fylkesrådmannen påpeikar at denne forskrifta er oppheva, og var oppheva på tidspunktet da tilskotsmidlane blei utlyst. Den er erstatta med «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar av 1. juni 2018». Rammene for tilskot regulert av § 6, og reglane for klagebehandling viser til forvaltningslova, jf. § 5 andre ledd. At den gamle forskrifta var anvendt synast likevel ikkje å ha hatt noko å seie for vurderinga.

Ved tildelinga må det også sjåast i lys av dei rammar og retningslinjer framsett i tildelingsbrevet knytt til vedtak for budsjett i «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» vedtatt i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar 2020».

Klagen

SugarWaxBergen fekk avslag på sin søknad om kr 50 000 frå Etablerarfondet. Nordhordland Utviklingsselskap ISK av slo søknaden med følgjande grunngjeving:

«Midlene som er satt av til Etablererfondet er begrenset. Det er mange søknader og vi er nødt til å prioritere midlene strengt. Ut i fra en totalvurdering opp i mot målsettingene som er for midlene finner vi ikke å kunne prioritere å støtte dette prosjektet. Usikker på potensiale for inntjening er stort nok til at det kan være i tråd med målsettingen for midlene.»

Den 2. juni 2020 klaga SugarWaxBergen på avslaget. Det følgjande er eit utdrag, og viser også til klagen i sin heilheit som ligg vedlagt:

«Prosjektet mitt er kommersielt interessant. Sugaring er helt naturlig metode for å fjerne hår og man ser en økende trend for å bruke sugaring fremfor vanlig voksing slik at jeg ikke bare vil få nye kunder som vil bruke en naturlig voksingsmetode, men at kunder som bruker vanlig voksing i dag vil skifte til dette og derfor er kundegrunnlaget stort.

Askøy er en stor omrode for å ha nok kunder. De som bor der har lyst å unngå å kjøre til byen på grunn av tid og bompenger. Da prioritere de å ha alle behandlingene på øyen.

Jeg er den eneste personen på Askøy som driver med sugaring hårfjerning.

En viktig grunn er at virksomheten min har potensiale på min et årsverk.

Jeg har beregnet at min time koster 300nok:

-15nok for en behandling(hensker, produkter, engansbrukt tilbehør)

-150 nok går på MVA.

-35 nok (2000 leien inkl strøm og renhold/8 dager per månade/7,5timer)

-50nok andre kostnader

I løpet av et år jeg blir 100% selvstendig firmaet som kommer i ordentlig drift, selge produkter for hjemmebehandling og selge kurs i sugaring for hudpleisalongen i Norge og blir kjent master i sugaring i Norden.»

Nordhordland Utviklingsselskap IKS opprettholdt sitt vedtak på dette grunnlaget:

«Fylkeskommunen løyvde 2,0 mill. kr til Etablerarfondet for Bergensregionen og i tillegg er det inndratt 475 375,- kr fra tidligere år. Nordhordland Utviklingsselskap har 5 % (100 000) i administrasjon slik at det er bevilget totalt 2 375 375,- til innsendte søknader.

Det har vært stor interesse for å søke om midler. Vi har derfor prøvd å prioritere midlene strengt slik at en får mest mulig igjen. Det ble åpnet opp for å søke om midler 25.03.20 og det ble stengt for å sende inn nye søknader 11.05.20.

Innvilget 57 søknader. Avslått 28 søknader. Totalt 85 søknader

Av de 28 avslått søknadene er det 4 stk. som har sendt inn klage.

Vi kan ikke se at der grunnlag for oss å gjøre noen ny vurdering av vårt avslag og sender de over til Vestland fylkeskommune for endelig behandling.»

Klaga blei så oversendt til Vestland fylkeskommune 19. juni 2020. Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling har gjort sine vurderingar og rår til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS sitt avslag vert opprettheldt, og at klaga ikkje vert teken til følgje.

Vurderingar og verknader

Økonomi - ikkje relevant

Klima - ikkje relevant

Folkehelse - ikkje relevant

Regional planstrategi - ikkje relevant

Fylkesrådmannen si vurdering

Saka gjeld SugarWaxBergen ved Olga Kilshynska sitt avslag på søknad om stipend frå Etableringsfonda i Bergensregionen.

For å kunne få stipend har Etableringsfondet visse kriterium som må være oppfylte i vurderinga om søkar skal få stipend. Disse kriteria følgde med tildelingsbrevet knytt til vedtak for budsjett i «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» vedtatt i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar 2020». Mellom anna var kriteria at «Prosjektet skal ha god kvalitet, søkjar skal ha god gjennomføringsevne og etableringa bør på sikt kunne gi minst eitt årsverk.»

Da det er mange søkarar som oppfyller kriteria, må det vere opp til Nordhordland Utviklingsselskap IKS å foreta ein vurdering om korleis midlane skal fordelast. Skulle alle søkarane oppfyller kriteria vil det måtte gjerast ein avveging mellom søkarane, ettersom det er tale om ein avgrensa sum med

midlar. Det blir derfor ein skjønsmessig vurdering om kven som oppfyller kriteria på ein måte som gjer at midlane vil komme til best mogleg nytte. Tildeler av stipend må kunne ha stor fridom til å gjere denne totalvurderinga, men sjølvstilt innanfor rammene for forvaltningsskjønn.

I grunngevinga for klaga skriv Nordhordland Utviklingsselskap IKS at dei er «*Usikker på [om] potensiale for inntjening er stort nok til at det kan være i tråd med målsettingen for midlene.*»

Klagar på si side er usamd, og grunngir i klaga på avvisinga om kvifor ho meiner innteningspotensialet er stort. Ho oppgir følgjande: «*Askøy er et stort område for å ha nok kunder. De som bor der har lyst å unngå å kjøre til byen på grunn av tid og bompenger. Da prioritere de å ha alle behandlingene på øyen. Jeg er den eneste personen på Askøy som driver med sugaring hårfjerning. En viktig grunn er at virksomheten min har potensiale på min et årsverk.*»

Nordhordland Utviklingsselskap IKS valde å oppretthalde sitt vedtak og grunna dette med at stipendmidlane er avgrensa, og «*[d]et har vært stor interesse for å søke om midler. Vi har derfor prøvd å prioritere midlene strengt slik at en får mest mulig igjen.*»

Dette blir ei skjønsmessig vurdering som er innanfor forvaltningas vurderingsområde. Etablerarfondet i Bergensregionen har ein avgrensa sum midlar dei kan dele ut. Dei må sjølv kunne foreta prioriteringar basert på kven dei meiner har best potensiale. Der alle kriteria er oppfylte, må det foretas ei vekting mellom søkarane, og dette har blitt gjort her.

I dette dømet grunna innteningspotensiale, har Nordhordland Utviklingsselskap IKS valt å heller prioritere andre søkarar, kor dei ser på potensialet som større. Det synast her at denne vurderinga er innanfor dei retningslinjene og rammene for skjønn som dei må kunne vurdere sjølv.

Fylkesrådmannen sitt syn støtter seg på fylkesdirektøren si vurdering om at Nordhordland Utviklingsselskap IKS har utvist godt skjønn i sakshandsaminga, og gjort vurderinga i lys av både dei formelle kriteria i utlysingsbrevet, og forvaltningsskjønnet.

Konklusjon

Konklusjonen er at klagen ikkje vert teken til følgje.